

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 120/2004

av 24. september 2004

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 95/2004 av 9. juli 2004⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2003/774/EF av 30. oktober 2003 om godkjenning av visse handsamingsmetodar for å hemme utvikling av sjukdomsframkallande mikroorganismar i toskalla blautdyr og sjølevande sniglar⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2003/831/EF av 20. november 2003 om endring av vedtak 2001/881/EF og 2002/459/EF med omsyn til endringar og tilføyingar i lista over grensekontrollstasjonar⁽³⁾, skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2003/839/EF av 21. november 2003 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽⁴⁾, skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2003/904/EF av 15. desember 2003 om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN), og om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF⁽⁵⁾, skal takast inn i avtala.
- 6) Rådsvedtak 2003/912/EF av 17. desember 2003 om endring av vedtak 95/408/EF om dei nærmare reglane for å utarbeide, i ein overgangsperiode,

⁽¹⁾ TEU L 376 av 23.12.2004, s. 14, og EØS-tillegget til TEU nr. 65 av 23.12.2004, s. 11.

⁽²⁾ TEU L 283 av 31.10.2003, s. 78.

⁽³⁾ TEU L 313 av 28.11.2003, s. 61.

⁽⁴⁾ TEU L 319 av 4.12.2003, s. 21.

⁽⁵⁾ TEU L 340 av 24.12.2003, s. 69.

mellombels lister over verksemder i tredjestatar som medlemsstatane kan importere visse produkt av animalsk opphav, fiskerivarer og levande toskala blautdyr frå⁽⁶⁾, skal takast inn i avtala.

- 7) Vedtak 2003/744/EF opphevar kommisjonsvedtak 93/25/EØF⁽⁷⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 8) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2003/774/EF, 2003/831/EF, 2003/839/EF, 2003/904/EF og 2003/912/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 25. september 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽⁶⁾ TEU L 345 av 31.12.2003, s. 112.

⁽⁷⁾ TEF L 16 av 25.1.1993, s. 22.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 24. september 2004.

*For EØS-komiteen
Formann*

Kjartan Jóhannsson

Sekretærar for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn M. Brinkmann

VEDLEGG
til avgjerd i EØS-komiteen nr. 120/2004

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og nr. 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 D 0831**: Kommisjonsvedtak 2003/831/EF av 20. november 2003 (EUT L 313 av 28.11.2003, s. 61).”
2. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 D 0839**: Kommisjonsvedtak 2003/839/EF av 21. november 2003 (EUT L 319 av 4.12.2003, s. 21).”
3. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert følgjande lagt til i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF):

”, endret ved:

– **32003 D 0904**: Kommisjonsvedtak 2003/904/EF av 15. desember 2003 (EUT L 340 av 24.12.2003, s. 69).”
4. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” etter nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) skal nytt nr. 56 lyde:

”56. **32003 D 0904**: Kommisjonsvedtak 2003/904/EF av 15. desember 2003 om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN), og om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF (EUT L 340 av 24.12.2003, s. 69).

Denne rettsakta gjeld òg for Island.”
5. I del 6.2 etter nr. 46 (kommisjonsvedtak 2003/470/EF) skal nytt nr. 47 lyde:

”47. **32003 D 0774**: Kommisjonsvedtak 2003/774/EF av 30. oktober 2003 om godkjenning av visse handsamingsmetodar for å hemme utvikling av sjukdomsframkallande mikroorganismar i toskalla blautdyr og sjølevande sniglar (EUT L 283 av 31.10.2003, s. 78).

Denne rettsakta gjeld òg for Island.”
6. Teksta i del 6.2 nr. 12 (kommisjonsvedtak 93/25/EØF) vert oppheva.

7. I del 8.1 nr. 18 (rådsvedtak 95/408/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 D 0912**: Rådsvedtak 2003/912/EF av 17. desember 2003 (EUT L 345 av 31.12.2003, s. 112).”